



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Deres ref

Vår ref

Dato

18/983-3

18. juli 2018

**Klagesak - Søknad om løyvefritak for transport med personbil - Småskala turistverksemd**

Vi viser til fylkeskommunen si oversending datert 2. mai 2018.

I

Saka gjeld klage over avslag på søknad frå Skaldegard AS om løyvefritak for persontransport mot vederlag med personbil innafor Aurland kommune, til og frå aktivitetar i regi av Skaldegard AS i Skjerdal.

**Vedtak**

Samferdselsdepartementet stadfester fylkeskommunen sitt vedtak 4. april 2018 i sak 28/18, oppretthalde i vedtak 2. mai 2018 i sak 38/18 etter klage frå Skaldegard AS.

**Sakshandsaminga**

Søknaden om løyvefritak vart sendt til høyring til NHO Sogn og Fjordane, NHO logistikk og Transport Region Vestlandet, Norges Turbileierforbund og Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane.

Departementet har merka seg at det berre er Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane som har gitt uttale til søknaden. I tillegg har og den lokale taxinæringa uttalt seg. Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane ga uttrykk for at dei prinsipielt var imot at det vart gjeve løyvefritak som kunne svekke næringsgrunnlaget, og meinte at det spesielt var kritisk om det vart gjeve mange løyvefritak.

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Kollektivtransport- og  
baneavdelingen

Saksbehandler  
Jan Vidar Weltzien  
22 24 82 51

I innstillinga frå fylkesrådmannen til vedtak i Fylkesutvalet vart det vist til at eit løyvefritak kunne svekke drosjenæringa i Aurland noko, men at eit fritak åleine ikkje vart vurdert å medføre stor konsekvensar. I innstillinga frå fylkesrådmannen vart det difor *tilrådd* å gje Skaldegard AS mellombels fritak frå kravet til løyve i tre år. I innstillinga vart det vidare vist til at søknaden frå Skaldegard AS var den første søknaden om løyvefritak etter den nye ordninga i fylkeskommunen, og at ein difor ønskte å evaluere ordninga etter ei tid.

Eit fleirtal i Fylkesutvalet viste ved avgjerda til at transportkapasiteten i Aurland var tilstrekkeleg, rasjonell og fleksibel. Fleirtalet meinte det var viktig å sikre marknadsgrunnlaget for eit framtidig drosjetilbod døgnet rundt heile året. Fleirtalet viste vidare til at dei ynskte utarbeidd ei prinsippsak for å kunne vurdere konsekvensar av eventuelle løyvefritak for småskala turistverksemd og inn på tunet ordninga opp mot svekka drosjetilbod.

Etter klage frå Skaldegard AS opprettheldt fleirtalet i Fylkesutvalet avslaget i møte 2. mai 2018.

### **Grunngjeving**

Etter departementet si vurdering er fylkeskommunen si sakshandsaming av søknaden i samsvar med dei retningslinene for handsaming av slike søknader som departementet har gjeve tilvising til i Rundskriv N-7/2017.

Ut frå ovannemnde rundskriv er opp til fylkeskommunen sitt *skjøn* å avgjere om det skal gjevast midlertidige fritak frå løyvekravet, og eventuelt omfanget av slike fritak, innanfor grensene som rundskrivet skisserer.

Ved avgjerda har departementet halde seg saka slik den låg føre i fylkeskommunen si oversending datert 3. mai 2018. Fylkeskommunen har ved avgjerda vist til at transportkapasiteten i Aurland er tilstrekkeleg og fleksibel, og det er viktig å sikre marknadsgrunnlag for den eksisterande transportnæringa. Fleirtalet i fylkesutvalet viste til at ein ønskjer å utarbeide ei prinsippsak for å vurdere konsekvensane av eventuelle løyvefritak til småskala turistverksemdar og "inn på tunet" ordninga opp mot eit svekka drosjetilbod før ein gjev løyvefritak. Eit vesentleg moment ved vurdering av søknader om løyvefritak er omsynet til den lokale drosjenæringa, som og er grunnlaget for delegasjon av mynde frå departementet til å kunne gje fritak til løyvestyresmakta, jf. Rundskriv N-7/2017.

Departementet har ikkje merknader til at fylkeskommunen har lagt avgjerande vekt på omsynet til den lokale drosjenæringa, samstundes som det vert føresett ei utgreiing med sikte på å kunne ha betre grunnlag for å vurdere denne og seinare søknader om fritak.

Departementet har merka seg at fylkeskommunen seinare har gjeve klagar mellombels fritak frå kravet til løyve fram til 1. april 2019, og ikkje i tre år slik det er lagt til grunn i den aktuelle klagesaka. Departementet si avgjerd ovanfor medfører at klagar eventuelt må søkje fylkeskommunen om løyvefritak på ny før løyvefritaket som er gitt av fylkeskommunen fram til 1. april 2019 ikkje lenger gjeld.

## II

Med heimel i yrkestransportlova § 34 vert det fastsett ein frist på *to månader* frå det kom fram melding om vedtaket til vedkommande ein part for å reise søksmål etter vedtak gjort med heimel i yrkestransportlova

Med hilsen

Arnfinn Øen (e.f.)  
fung. avdelingsdirektør

Jan Vidar Weltzien  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrevne signaturar*